



Abo Plan & Arkitektur AS
Postboks 291
5203 OS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/159 - 22/85742

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@alver.kommune.no

Dato:
10.11.2022

Referat undervegs møte - detaljreguleringsplan for Langeland B5, bnr 324/7 og 90 m.fl.

Detaljregulering	Gbnr: 324/7 og 90 m.fl , Planid 125620160001
Tiltakshavar	Frank Rune Dale
Konsulent	ABO Plan & Arkitektur AS
Møtestad	Teams
Møtedato	10.11.2022 kl.12.30 – 13.00
Til stades i møtet frå forslagsstillar og kommunen	Frå forslagsstillar: Merete Lunde (Abo) og Frank Rune Dale (tiltakshavar). Frå Vestland fylkeskommune: Lillian Bakke Byrknes, Joar Rykkje Hopland og Andreas Knarvik Kolås (Nordhordlandspakken). Frå Alver kommune: Merethe Tvedt.

Bakgrunn for møtet

- Motteken merknad knytt til endring av detaljplanen der ny tilkomstveg til fire bustader blir regulert inn i detaljplanen for Langeland med avkøyring SV6 frå o_SKV1, som følgje av endra køyremønster for fire bustadeiningar i vedteken plan for Fylkesveg 5308 for Sagstadvegen, planid. 125620170003.
- Drøfte moglegheit for endring av rekkefølgjekrav om at Sagstadvegen/fv. 5308 må vera utbygd før detaljplanen kan starte sitt anleggsarbeid i bustadplanen.

Alver kommune

- Innkomen merknad frå eigar av gbnr 324/56 knytt til endra tilkomst for sin eigedom, er under oppfølging og blir handtert av fylkeskommunen. Andreas Kolås informerer kommunen og ABO fortløpande om vidare framdrift. Planarbeidet blei vurdert at kan fortsetje slik det ligg no, men at 2. gongshandsaming ikkje blir handsama før endeleg avklaringar frå fylkeskommunen knytt til dette tema ligg føre.

- Fylkeskommunen såg å kunne imøtekoma forslagsstillar sitt forslag til rekkefølgjekrav, om byggeløyve innafor planområde B5 før separat tilbod for gåande og syklende langs fv. 5308 Sagstadvegen, frå kryss med Rosslandsvegen til kryss med Fosseskarvegen er opparbeidd.

Rekkefølgjekravet kan endrast med den presiseringa at det kan gis igangsetting parallelt med utbygginga av fv. 5308. Det kan ikkje gis bruksløyve eller ferdigattest for byggetiltaka innafor planområdet B5 før fylkesvegplanen er opparbeidd og ferdigstilt i tråd med fylkesvegplanen Planid. 1256 2017 0003.

- Andre opplysningar:

Merethe løftar endringa av rekkefølgjekravet internt i forhold til behov for eventuelle andre avklaringar kring endringar av rekkefølgjekravet.

Vidare planprosess

ABO plan & Arkitektur gjer naudsynte endringar i føresegner/rekkefølgje i tråd med oppdatert informasjon, samt oppdaterer andre naudsynte plandokument.

Når komplett forslag er sendt inn til kommunen, saman med avklaring frå fylkeskommunen knytt til innkomen merknad frå gbnr 324/56, kan planen takast opp til 2. gongshandsaming.

Med helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Merethe Tvedt
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Abo Plan & Arkitektur AS
Frank Rune Dale
Lillian Bakke Byrknes

Postboks 291 5203
Sagstadvegen 67 5919
Vestland
fylkeskommune
v/Lillian Bakke
Byrknes

OS
FREKHAUG

Vestland fylkeskommune
v/Andreas Kolås
Vestland fylkeskommune v/Joar
Rykkje Hopland